

Fra: Ottesen Bård Andreas Selstad
Sendt: 3. juni 2015 09:40
Til: 'postmottak@fmho.no'; 'fmhojua@fylkesmannen.no';
'postmottak@fiskeridir.no'; 'Tina-Oen.Gaarden@fiskeridir.no'; 'hfk@hfk.no';
'Jan.Nordo@hfk.no'; 'syhod@mattilsynet.no'; 'harald.rydland@haugnett.no'
Kopi: 'reidar@aksnes.com'
Emne: Invitasjon til synfaring - søknad frå Dåfjorden Klekkeri AS om vassuttak og regulering av Øvre og Nedre Petarteigsvatna

NVE inviterer til synfaring av Dåfjorden Klekkeri AS sine planar om vassuttak og regulering av Øvre og Nedre Petarteigsvatna i Stord kommune

Vi viser til tidlegare utsending av søknad om løyve til uttak av vatn og regulering av Øvre og Nedre Petarteigsvatna i Stord kommune. NVE inviterer til synfaring av dette prosjektet.

Dåfjorden Klekkeri AS sine planar vert synfare tysdag 16. juni kl. 13:00.

Oppmøte: Oppmøte ved Dåfjorden Klekkeri sitt anlegg i Dåfjordvegen 65, 6410 Sagvåg (Petarteigen).

Tidsbruk: Synfaringa går i lett terreng. Klede og utstyr må elles vurderast etter forholda på synfaringsdagen. Tidsbruk på synfaringa er berekna til om lag to timar.

Kontaktinformasjon: Reidar Aksnes, e-post: reidar@aksnes.com, tlf: 53 49 33 11, mob: 941 76 969.

Generelt om sluttsynfaring:

Synfaring vert vanlegvis halde etter at NVE har motteke alle høringsuttalar og søkjar har kommentert desse. Synfaringa skal først og fremst dekke to føremål. Det eine er at søkjar og berørte partar skal få høve til å gi uttrykk for sine synspunkt på staden. Det andre er at NVE sin saksbehandlar skal få anledning til i praksis å sjå kva område som vert påverka og kva problemstillingar det omsøkte prosjektet omfattar. NVE er formell arrangør og leier synfaringa. Vi ynskjer å presisere at NVE er ein nøytral part i sakene vi behandlar. Vi ynskjer å diskutere aktuelle konflikhtar og moglege løysingar i fellesskap.

Ved oppmøtestad vil NVE ynskje velkommen med ein kort gjennomgang av formålet med synfaringa og innkomne høringsuttalar. Søkjar vil orientere om prosjektet og opplegget for synfaringa. Deretter vert tiltaksområdet synfare. Etter synfaring av området blir det ei oppsummering. Høringspartar vil då få høve til å stille spørsmål, og om ynskjeleg utdjupe sine høringsuttalar.

NVE ber om tilbakemelding på kven (og tal personar) som kjem på synfaringa med kontaktinfo (tlf. nr) så snart som mogleg, og seinast innan **fredag 12. juni** på e-post: baso@nve.no (tlf: 22 95 95 28 / 930 67 434) til Bård Ottesen.

Er det elles noko de lurar på så ta kontakt.

Vel møtt!

Bård Ottesen

Seniorrådgjevar seksjon for vassdragsinngrep - Konsesjonsavdelinga

Noregs vassdrags- og energidirektorat

Telefon: 22959528, mob: 93067434, e-post: baso@nve.no

